

ÅRSPLAN 2021/2022

RØVEROMPA BARNEHAGE

Prestemarka 4

6980 Askvoll

Tlf. administrasjon: 45974130



Mål:

Alle barn skal få ein god start på livet.

Vår visjon:

Eit varmt blick for alle.

Det varme blicket som tilnærming:

For personalet er det viktig å ha det varme blicket som tilnærming i arbeid med barna. Vi skal møte alle barn på ein god og omsorgsfull måte. «Det finst ikkje vanskelege barn, men barn som har eller kan ha det vanskeleg». Ved å ta barnet på fanget og bekrefte kjenslene i den enkelte situasjonen, vil barnet føle seg sett og høyrte: «Eg skjønner at du er lei deg, og at du ikkje vil ha på deg regnjakka. Men det må vi i dag slik som det regner - om ikkje blir vi heilt våte. Du kan sitte på fanget mitt til du er ferdig å vere lei deg, så tar vi på regnjakka etterpå». Å møte barnet si kjensle, og bekrefte at du er der, hjelper barnet til å kjenne seg respektert. Vi ser av erfaring at barn finn roen med dette.



Våre verdiar:

- Kreativitet
- Respekt
- Rausheit
- Engasjement
- Kompetanse

Vårt barnesyn:

Vi ser på barn som nysgjerrige, skapande og kreative personar. Kvart barn er verdifullt og skal bli sett og høyrte.

Trivsels glede og like moglegheiter, uavhengig av kjønn, etnisitet, familiebakgrunn, livssyn eller funksjonsevne:

- Mangfald blir sett på som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet
- Alle skal ikkje bli behandla likt, men få like moglegheiter
- Alle skal oppleve at dei har ein viktig plass i fellesskapet. Barna skal bli sett og anerkjent for den dei er

Personalet skal:

- reflektere over eigne haldningar. Mangfald og likestilling blir tatt opp til refleksjon i personalgruppa
- oppfordre barn til å delta i leik og aktivitetar - uavhengig av kjønn
- i møte med barnet ha fokus på individet - ikkje ytre faktorar

Kontaktinformasjon og opningstider:

Styrar:

Siv Tangedal, tlf.: 97118627

Siv.tangedal@askvoll.kommune.no

Assisterande styrar:

Henriette Gjervik, tlf.: 95208069

Henriette.gjervik@askvoll.kommune.no

Opningstid 7.15-16.45:

- Kjernetid: 09.30-14.00
- Frukost tilpassa dei ulike avdelingane
- Maks tid i barnehagen: 9 timar

Avdelingane:

- Maurtua: 45974128
- Marihøna: 45974129
- Kvitveisen: 45974125
- Blåklokka: 45974126

Heimeside:

- askvoll.kommune.no/oppvekst

Billedokumentasjon:

Avdelingane brukar ei lukka Facebookgruppe til billedokumentasjon.

Generell informasjon:

Eit godt samarbeid mellom foreldre/føresette og barnehagen er viktig. Dei daglege møta og den uformelle kontakten rundt barna, er avgjerande for ein god dialog.

Ved sjukdom er det allmenntilstanden til barnet som avgjer om barnet bør vere heime frå barnehagen. Ved oppkast og diare, følgjer vi folkehelseinstituttet sitt råd om 48 timars regel etter siste oppkast/diare. Er ein usikker, ta kontakt.

Foreldresamarbeid:

Dagleg kontakt

Ta dykk tid til å veksle eit par ord med personalet når de kjem, eller når de hentar barna. Kanskje har det hendt noko spesielt i løpet av dagen som personalet vil informere om?

Dersom det er andre enn dykk sjølve som skal bringe eller hente barnet - gje oss beskjed. Kort tid etter at barnehagen har starta opp, vil personalet ta kontakt med dykk, slik at dei av foreldra som ynskjer, får laga til ei liste over kven som kan hente barnet utan at de må gje beskjed. Vi lar ikkje andre enn dei som står på lista hente barnet, utan at vi har fått beskjed om det på førehand. Vi set pris på om de kan gje oss beskjed om de reiser vekk, slik at vi veit kven vi skal kontakte.

Foreldresamtale

Her blir viktig informasjon om det enkelte barn utveksla. Pedagogisk leiar førebur ein samtale som omhandlar ei beskriving av barnet sin kvardag, meistring og trivsel, slik vi ser det i barnehagekvardagen. Skulle det vere noko anna de ynskjer å ta opp, må de gjerne ta det opp. Det er viktig at de føler utbytte av denne samtalen. Alle skal ha ein samtale på hausten, og alle får tilbod om ein samtale på våren.

Foreldremøte

Barnehagen har eit foreldremøte på hausten, og eit på våren. Om hausten startar møtet med at foreldra har eit foreldreråd først, der det vert val av foreldrerådsleiar (ein vara og to dugnadsleiarar - ein til kvart bygg). Vervet er for eit år i gongen. Deretter kan foreldre drøfte andre ting som dei ynskjer å ta opp på foreldremøtet. Saker som gjeld barnehagen, kan ein ta opp på foreldremøtet etterpå, og saker som gjeld avdelinga, tek ein avdelingsvis etterpå.

Samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet består av to representantar frå foreldregruppa med personleg vara og to frå personalet (ein pedagog og ein assistent), og ein person frå kommunen. SU har som oppgåve å vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ mellom heim og barnehage.

Inkluderande barnehage og skulemiljø:

Askvoll kommune jobbar med ein kontinuerleg utviklingsprosess innanfor trygge og gode barnehagar og skular. Målet er å oppnå varig endring av praksis. Det er både nasjonale og regionale samlingar. Personalet har lokale fagdagar og nettbasert materiale. Dette blir jobba vidare med på eigen arbeidsplass etter programmet er ferdig. Deltakarane skal lære å førebygge, avdekke og handtere mobbing. De kan lese meir om dette på fylkesmannen sine sider og udir.no.

<https://www.fylkesmannen.no/nb/Sogn-og-Fjordane/Barnehage-og-opplaring/Grunnskole-og-videregaende-opplaring/Stor-satsing-pa-barnehage--og-skulemiljo/>

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/barnehagemiljo/>

Relasjonskompetanse:

Relasjonskompetanse er ferdigheiter, evner, kunnskap og haldningar som etablerer, utviklar, reparerer og held ved like relasjonen mellom menneske. Dette er eit tema kommunen skal jobbe med framover. Skal ein lykkast i dette arbeidet med barn og kollegaer, er det viktig å jobbe med alle sin relasjonskompetanse. I denne prosessen må vi først og fremst opparbeide tillit. Tillit byggast opp over tid gjennom gjensidig respekt og ønskje kvarandre vel, vise omsorg og skape tryggleik. Det må vere kvalitet i samspelet for å skape utvikling.

Barnehagevurdering:

Røverompa barnehage vart vurdert i 2019. Funna og resultata etter vurderinga var veldig bra, noko personalet er godt nøgde med.

Barnehagevurdering består av ulike trinn:

- Velje eit område for vurdering
- Laga eit framtidsbilde
- Innhente og strukturere informasjon
- Analysere og gjere vurdering
- Spegle tilbake til barnehagen

Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver, ligg til grunn for ekstern barnehagevurdering. Metoden gir rom for at barnehageeigaren kan gjere lokale tilpassingar.

Våre samarbeidspartnarar:

Skulen:

Besøk til hallen er kjempepopulært! Vi er i nær dialog med skulen slik at vi kan nytte ledig halltid. Vi nyttar også svømmehallen, då vi søker om midlar for symjeopplæring til dei eldste barna. På vårparten startar 6-åringane med førskuletrening. I denne perioden er førskulebarna på skulen ein dag i veka. Dette skaper kontakt med skulen, medelevar og klassekontakt. Førskuleforeldre vil få meir informasjon om dette etter kvart.

Helsestasjonen:

Barnehagen har god kontakt med helsestasjonen, blant anna via tverrfaglege møter gjennom året. Elles tek helsestasjonen kontakt med barnehagen, eller omvendt, når ein ser vi kan nytte kvarandre sin kompetanse. Helsestasjonen skal arbeide for god fysisk og psykisk helse, fremje gode sosiale- og miljømessige forhold, samt førebygge sjukdom og skade. Helsestasjonen rettleiar både foreldre, skule og barnehage, og er ein god ressurs å kunne nytte når ein står overfor utfordringar som gjeld barn.

Barnevernet:

Barnevernet er ein god og viktig ressurs. Det finn rettleiar på regjeringa sine sider:

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/til-barnets-beste---samarbeid-mellom-barnehagen-og-barneverntjenesten.pdf>

Her skriv dei blant anna:

«Barnevernstenesta og barnehagen samarbeider både på generelt grunnlag, og i oppfølging av enkeltbarn. Kontakten mellom instansane vil som regel inkludere foreldresamarbeid. Målet er at problem og bekymringar for eit barn skal løysast på lavast mogleg nivå, og i størst mogleg grad i samarbeid med barn og foreldre. Ein del problem lar seg ikkje løyse på denne måten»

Kva tiltak som er aktuelle, må vurderast opp mot det enkelte barnet sine behov. I barnevernslova § 4-4 nemnast eksempel på aktuelle tiltak. Blant dette er barnehageplass, støttekontakt, avlastingstiltak i heimen, besøksheim, foreldrestøttande tiltak og økonomisk stønad. Barnevernstenesta kan formidle plass i fosterheim, og i senter for foreldre og barn.

PPT:

Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal hjelpe barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling, for å legge til rette for barnehagetilbodet for barn med særskilte behov. (Barnehagelova §19-c)

Barnerettsærklæringa

Lat meg vekse som eg er
og prøv å forstå kvifor
eg vil vekse som meg sjølv.

Ikkje som mamma
ønsker eg skal vere,
eller som pappa

håpar eg skal vere,
eller som læraren min
synest eg skal vere.

Kjære, prøv å forstå og hjelp meg
å vekse nettopp som meg sjølv.

Presentasjon av avdelingane:

Maurtua er ei uteavdeling som vart oppretta i 2015. Den ligg i enden av brakkebygget oppe på bana. Barna er ute i kjernetida kvar dag - uansett vær. Erfaring viser at barna trivast godt, og utviklar seg godt motorisk og språkleg i utebarnehagen.

I år er det 14 barn i aldersgruppa 3-6 år, med ei grunnbemanning på 300 %.



Personalet:

- Ann-Karin (pedagogisk leiar)
- Sander (pedagogisk leiar)
- Sonja (fagarbeidar)

I tillegg har dei med seg Marte Holmelid (fagarbeidar). Ho jobbar med ei lita gruppe som er med Maurtua ved nokre høve.

Marihøna ligg i andre enden av brakkebygget. Denne avdelinga vart opna hausten 2016, og er ei avdeling med barn for 3-6 år. Dei har stort fokus på å vere ute, og nyttar den flotte naturen i nærmiljøet til aktivitetar og læring.


Avdelinga nyttar avdelinga inne etter behov. Erfaring viser at barna trivast godt, ved å kombinere både utetid og innetid.

Dette året er det 18 barn på avdelinga, med ei grunnbemanning på 300 %.



Personalet:

- Anita (pedagogisk leiar)
- Hanne-Marie (pedagog)
- Magny (assistent)
- Linda (tospråkleg assistent)



Kvitveisen og Blåklokka ligg i hovudbygget til Røverompa barnehage. Begge avdelingane er småbarnsavdelingar. Dei har fokus på tryggleik og omsorg tilpassa dei minste. Begge avdelingane har faste turdagar.

Kvitveisen har 11 barn i alderen 1-3 år, og ei grunnbemanning på 300 %.

Personalet:

- Claudia (pedagogisk leiar)
- Merethe (fagarbeidar)
- Ruth (assistent)
- Camilla (fagarbeidar)

Blåklokka har 9 barn i alderen 1-2 år, og ei grunnbemanning på 300 %.

Personalet:


- Henriette (pedagogisk leiar)
- Kari (pedagog)
- Camilla (fagarbeidar)
- Linda (assistent)

Fagområda:

Sjå eigen presentasjon frå kva avdeling. Kvar avdeling har ein progresjonsplan tilpassa behov og alder jmf. Rammeplanen

Leiken:

Leik er den viktigaste aktiviteten i barnehagen - den er spontan og skjer her og no. I leiken blir barna eit hovud høgare enn seg sjølv. Leiken er barnas kraft og har stor betydning for hjernens utvikling.



Læring:

Læring oppstår i daglege situasjonar, der leik og samhandling har ein sentral plass. Barna skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Det pedagogiske arbeidet skal inkludere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar, som bidreg til meningsfull samhandling. Som vaksne skal vi inspirere og gje rom for ulike typar leik - inne og ute. Alle barn skal bli sett, høyrte og forstått.

Omsorg og danning:

Føresetnaden for barn sin tryggleik og trivsel er *omsorg*. Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagslivet. Omsorg handlar om relasjonar mellom vaksne og barn, og om barna sin omsorg for kvarandre.

Danning er ein livslang prosess som handlar om å utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Gjennom danning leggjast grunnlaget for allsidig utvikling. Alle barn skal oppmuntrast til å tru på seg sjølv og omverda. Vi skal støtte barna i å uttrykke synspunkt, og skape mening i den verda dei er ein del av.

Som metode brukar vi tryggleissirkelen til refleksjon, drøfting og evaluering.


Barn sin medverknad:

Barn skal få gi uttrykk for kva dei synest og meiner om den daglege verksemda i barnehagen, jmf. Barnehagelova og FN sin barnekonvensjon.

Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene barna har, og leggje til rette for medverknad tilpassa alder, erfaring og individuelle føresetnader. Mindre barn og barn utan språk, har rett til å gje uttrykk for kva dei meiner om sine egne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Trygghetssirkelen

Foreldre med fokus på barnets behov





Mangfold, likestilling og gjensidig respekt:

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold, likestilling og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på, og at vi kan lære av kvarandre (*Rammeplanen*, s. 9).

Aksepter meg som jeg er slik at jeg
våger å bli den jeg ønsker å være

Det unike



